

- KUNNGJERING -

Fleire søkjarar - Søknad om løyve til å byggje fire småkraftverk i Stranda kommune og nettanlegg i Stranda kommune i Møre og Romsdal og i Hornindal kommune i Sogn og Fjordane.

NVE har motteke søknadar frå fleire søkjarar om løyve til å byggje fire småkraftverk i Stranda kommune. Søknadane skal handsamast samstundes for betre å kunne vurdere dei samla verknadar for området. NVE ber høyringspartane om å vurdere kvar sak for seg, men òg alle sakene samla.

NVE har òg motteke søknad frå SFE Nett om konsesjon og ekspropriasjonsløyve for ein ny 132 kV luftleidning frå Tomasgard transformatorstasjon i Hornindal kommune til Tryggestad/Litlebø i Stranda kommune. Søknaden inneber spenningsoppgradering av eksisterande 22 kV-luftleidning på strekninga Tomasgard–Støverstein, bygging av ny 132 kV leidning frå Støverstein til Tryggestad/Litlebø, med ei lengd på 7,2 og 8,4 km avhengig av traséval, og ein om lag 0,1 km ny 66 kV jordkabel for innføring i Tomasgard stasjon. Leidningen vert søkt bygd med 132 kV spenning, men vil driftast på 66 kV. Det vert òg søkt om utviding av utandørsanlegget ved Tomasgard transformatorstasjon, og bygging av ein ny transformatorstasjon ved Tryggestad eller Litlebø. Grunngevinga for netttiltaket er å auke nettkapasitet for å tilknyte dei omsøkte småkraftverka i Stranda kommune.

Hovuddata for kraftverksplanane:

Søknad	Søker	Installert effekt (MW)	Produksjon (GWh/år)	Inntak og avløp (moh.)
Røyrhus kraftverk	Røyrhus Kraftverk SUS	2	6,95	437 - 375
Langdalselva kraftverk	Stranda Energi	6,4	20,4	188,6 - 136
Storfossen kraftverk	Stranda Energi	0,875	5,6	68 – 8
Hauge kraftverk	Stranda Energi	3,9	15,5	700 - 165

I samband med søknadane vil NVE arrangere **eit offentleg folkemøte på Sunnylvn samfunnshus, tysdag 26.01.2016, kl. 19.00**. Her vil søkjarane informere om prosjekta i Stranda og NVE vil orientere om behandlinga av søknadane. Det vil vere moglegheit for å stille spørsmål.

Søknadane med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på Rådhuset i Stranda, Hotell Union i Geiranger, Sparebanken Møre i Hilleslyt og på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Viss de ønskjer papirutgåve av søknadane, kan de ta kontakt med tiltakshavar for kvart enkelt prosjekt.

Fråsegn kan sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker, per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo innan **05.04.2016**.